

Årsmelding for Sør-Aurdal Historielag 2022

Styret har bestått av leiar Åse Østgård Hagen, kasserar Halstein Heiene, sekretær Anne Karin Eid, styremedlem Solveig Ottosen og Amund Grønhaug. Varamedlem Sigrid Haugen har møtt fast på dei fleste møta. I 2022 har vi hatt fire styremøte, årsmøte, samt eit møte i gruppa som registererer skogskoier.

Historielaget deltok på «Frivillighetens dag» som gjekk føre seg i Sør-Aurdalshallen 2. april. Vi hadde utstilling med bøker og hefte som laget har for sal, samt at vi fekk nokre nye medlemmer. 40 ulike lag og foreiningar deltok, det var mykje publikum som fekk sjå kor allsidig det frivillige arbeidet i kommunen er.

Registreringa av skogskoier går sin gang. Det er enno ein del arbeid att før vi kan få trykt det opp i ei bok. Vi er i gang med å søke om midlar til trykkinga. Arbeidet held fram med Anette Hougsrud som primus motor.

To frå styret, Solveig Ottosen og Åse Ø. Hagen, har rydda i bøkene til historielaget som er lagra på Bangsmoen. Det vart lettare å få oversikt over kva vi har for sal. Det er eit stort lager av mange årganger av Sagn og Soge-hefter.

I 2022 var det historielaget sin tur til å arrangere årsmøtet for Valdres Historielag og Valdres Bygdeboknemnd. Det vart halde på Bagn bygdesamling den 21. mai med 25 deltakarar. Fyrst var det omvising i nokre av utstillingane på museet, deretter vart sjølve årsmøtet avvikla. Møtet vart avslutta med traktering i Stabelbygningen. Som ein av deltakarane sa etterpå: «Møtet var på alle måtar svært vellukka».

19. juni hadde laget sommartur til Fristaden på Bagn vestås. Ca 60 personar var med på turen til vatnet Høvren og fiskebuene der. Kristian Berglund har fiskebu i Fristaden og er ein av dei få som framleis held dei gamle fisketradisjonar i hevd. Han fortalte historier frå området og kva fisket i Høvren har hatt å si for folk gjennom tidene. Deltakarane fekk og ein smak av fiskekaker laga av sik som var fiska i Høvren.

28. oktober hadde vi arrangement på biblioteket, Bagn, med lansering av eit nytt hefte av «Sagn og Soge i Søndre Ourdahl». 35 personar møtte fram. Det var 40 år sidan det første heftet av Sagn og Soge kom ut og det var difor eit jubileumshefte som vart presentert denne kvelden. Heftet inneholder eit variert utval av historier frå heile kommunen. Det spesielle med denne utgåva var at det inneholder eit forfattarregister, eit oversyn over alle som har bidrige med stoff til hefta gjennom desse 40 åra. Salet fram mot jul gjekk svært bra. Takk til skriftkomiteen for endå eit innhaldsrikt «Sagn og Soge i Søndre Ourdahl».

Laget har sendt høyringssvar i samband med namnesak oppretta av Kartverket. Målet med saka var å få avklara og formalisert rett skrivemåte for offentleg bruk av ein del stadnamn i kommunen. Sigrid Haugen gjorde ei stor jobb her.

I desember hadde vi eit møte med Eirik Dørdal Nord frå Foreningen "Slekt og Data" på biblioteket på Bagn. Dei frammøtte fekk mykje informasjon og mange gode tips til vidare arbeid med den spennande hobbyen det er å forske på slekt. Planen er å danne ei lokal gruppe som kan møtast for slektsprat og for å hjelpe kvarande i slektsforskinga med møtestad på biblioteket på Bagn.

For styret: Åse Østgård Hagen